

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	15/451

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015

### Masfjorden kajakkskule - søknad om støtte gjennom kraftfondet

#### Vedlegg:

resultset\_3509\_4.pdf

resultset\_3509\_4\_vedlegg1.odt

resultset\_3509\_4\_vedlegg2.odt

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Det vert søkt om kr. 150.000 i tilskot frå kraftfondet til etablering av ein kajakkskule

##### Vurdering

Det er budsjettert med kr. ca. 170.000 i etableringskostnader, og eit driftsbudsjett på litt over kr. 160.000,-. Støtte vert vurdert opp i mot etableringskostnader, og søknaden inneber såleis nær 90% av finansieringsbehovet. Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen. Dette inneber primært tiltak som sikrar sysselsetjinga i kommunen og som har eit næringsføremål. Søknaden er såleis utafor føremål og beløpsgrenser for retningslinene og vedtektene for kraftfondet, samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte". Etablering av kajakkskulen er avhengig av støtte frå kraftfondet/kommunen.

##### Fakta

Viser til søknad som er grundig og informativ, jf sakstfang

Nokre sentrale forhold saksa frå vedtektene & retningslinene for kraftfondet:

##### **Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;**

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-

- Investeringar kr. 200.000,-

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søkjar invitert inn til kraftfondstyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.

Det er sett av kr. 400.000 til næringsføremål i kraftfondsbudsjettet for 2015. Dette er hovudtildelinga, og 2. tildeling er med søknadsfrist 1.nov. og handsaming i des. 2015. Samla søknadsmasse i denne omgang utgjer 467.375

### **Konklusjon**

Søknaden er i strid med § 2 og 5 i vedtektene for kraftfondet. Evt. støtte til etablering av kajakkskule må tilpassast vedtektene og retningslinene for kraftfondet.

### **Kraftfondsstyret - 008/2015**

#### **KRFT - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret:

Masfjorden kommune er positiv til tiltaket og støtter etableringa i tråd med vedtektene i kraftfondet med kr. 40.000,- og vil elles kunne vere behjelpelig med rettleiing og oppfølging overfor andre støtteordningar.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

#### **KRFT - vedtak:**

**Masfjorden kommune er positiv til tiltaket og støtter etableringa i tråd med vedtektene i kraftfondet med kr. 40.000,- og vil elles kunne vere behjelpelig med rettleiing og oppfølging overfor andre støtteordningar.**

